



# Uttalelse fra SVs landsstyre

## Fred og folkestyre i Ukraina

Vedtatt av landsstyret i Sosialistisk Venstreparti 25. mai 2014

Det var svært forståeleg at mange ukrainarar ønskte å få bort Janukovitsj-regjeringa. Protestane på Maidan-plassen i Kiev i vinter var uttrykk for legitime krav om betre levekår og verkeleg demokrati. President Janukovitsj var valt av eit fleirtal av folket, men mista støtta både frå folket og fleirtalet i nasjonalforsamlinga fordi han misbrukte makta si.

Den noverande interimregjeringa er ikkje ein legitim representant for folkeviljen i Ukraina. Regjeringa har vist at ho heller vil ha konfrontasjon med store delar av folket, framfor å arbeida for forsoning og dialog. Den ikkje-valde regjeringa har også inngått bindande og omfattande avtalar med IMF om liberalisering av økonomien før ukrainske veljarar har fått høve til å uttala seg.

Stormakter både i aust og vest ønsker å ha kontroll over Ukraina si framtid. Det har skapt ein farleg situasjon, med opprusting og utplassering av større militære styrkar i regionen.

For at det ukrainske folket sjølv skal kunna avgjera framtida si, må demokratiet byggast nedanfrå. Då kan ingen av stormaktene blanda seg inn eller forsøka å diktera landet si framtid.

### SV står for ein tredje veg mellom stormaktene og krev at:

- Russland aksepterer Ukraina sin suverenitet. Annekteringen av Krim var uakseptabel og i strid med folkeretten.
- Rettane til den russiske minoriteten i Ukraina blir respektert.
- NATO held løfta om at militæralliansen sine yttergrenser ikkje blir flytta ytterlegare austover mot Russland. NATO må heller ikkje senda militære styrkar til Ukraina.
- EU og IMF trekkjer alle krav til ukrainsk økonomisk politikk. Liberalisering, privatisering og kuttpolitikk vil berre gjera levekåra til ukrainarar flest verre. Det er også høgst udemokratisk å diktera den økonomiske politikken til eit land i djup krise.
- Noreg støttar Ukraina utan å ha krav til kva økonomisk politikk som skal førast, og etter at det er halde demokratiske val. Det kan vera økonomisk støtte, bidrag til oppbygging av demokrati og rettsstat og støtte til arbeidet mot korruption.
- Stortinget sender ein parlamentarikardelegasjon til Ukraina.
- Både Russland og NATO avstår frå militær opprusting i områda rundt Ukraina. Det er politisk dialog og fredelege løysingar som må til, ikkje konfrontasjon.